

**KONTROLLUTVALET I
ØRSKOG KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato: 25. januar 2018 kl. 14.00

Møtestad: Rådhuset

Møtet vart leia av: May-Sissel Osvik

Elles til stades:

Målfrid Sjøstad, Øystein Eide, Kaja Kongsnes

Forfall: Olav Jan Bårdsgjerde

= **4 voterande**

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Bjørn Tømmerdal.

Frå Kommunerevisjon3 møtte Svein Ove Otterlei.

Frå Ørskog kommune møtte ordførar Knut Helge Harstad delar av møtet.

Det kom ikkje fram merknader til innkalling.

Møtet var innkalla utan saksliste; formålet var å bli litt betre kjent. Nyvalgt leiar gjorde ei innleiing, før sekretariatsleiar Bjørn Tømmerdal gjorde kort greie for status i sekretariatet. Vidare gav Svein Ove Otterlei ei kort oppdatering av kommunerevisjonen. Ordførar Harstad gav ei orientering om stoda i kommunestyret.

Utvalsmedlem Øystein Eide tok opp spørsmål knytte til fritak av kommunestyremedlemer i Ørskog kommune. Ordføraren orienterte rundt dette temaet, og utvalet gjorde deretter følgande einstemmige vedtak:

Kontrollutvalet ber om ei generell utgreiing knytt til kommunestyret si handtering av fritak av kommunestyremedlemmar. Sekretariatet vil gjere ei vurdering av kommunen sitt reglement og praksis opp mot gjeldande lover og reglar. Saka vert å kome tilbake til på neste møte.

Neste møte vart avtalt til torsdag 15. mars 2018, kl. 14.00, Rådhuset.

May-Sissel Osvik	Målfrid Sjøstad	Øystein Eide	Kaja Kongsnes
leiar	nestleiar	medlem	medlem
(sign)	(sign.)	(sign.)	(sign.)